



Jobbnorge-ID: 117506

Søknadsfrist: Avsluttet

Nettside:

Omfang:

Varighet:

Stipendiat i syntetisk organisk kjemi - medisinsk teknologi

Ved Kjemisk institutt (www.uib.no/kj) er det ledig ei stilling som stipendiat (ph.d.-kandidat) i syntetisk organisk kjemi - medisinsk teknologi som vil vere knytt til ei tverrfagleg prosjektgruppe i medisinsk teknologi. Stillinga er for ein åremålsperiode på fire år.

Om prosjektet/arbeidsoppgåver

Målet i prosjektet er å designe og utvikle de novo syntesar og ny syntetisk metodikk nødvendig for å framstille nye PET tracersambindingar og cytotoxiske sambindingar basert på imidazolringen som den sentrale byggjesteinen. Prosjektsamarbeidspartnarar vil undersøkje dei nye PET tracerkandidatane og / eller dei nye sambindingane designa og framstilt som cytotoxiske legemiddelkandidatar.

Kvalifikasjonar og eigenskapar

- Søkjarar må ha oppnådd mastergrad eller tilsvarande utdanning i kjemi eller må ha levert masteroppgåva til vurdering innan søknadsfristen er ute. Det er ein føresetnad at mastergraden er oppnådd før tilsetjing kan skje.
- Det er også ein føresetnad at søkjarar har ein sterk bakgrunn i syntetisk organisk kjemi. Kunnskap om metodar om heterosykliske sambindingar og kjemi, overgangsmetallkatalyserte reaksjonar i organisk syntese, kunnskapar i moderne instrumentering for organisk syntese, for eksempel mikrореакторar og annan strøymingsreaktor-teknologi, kjemometri og radiokjemi er ein føremon.
- Gode evner til kritisk tenking og skiving er naudsynt.
- Gode kunnskapar i engelsk er naudsynt, både skriftleg og munnleg.
- Undervisningsspråket er til vanleg norsk. Den som vert tilsett, må kunne undervise på norsk eller eit anna skandinavisk språk tidleg i stipendperioden. Utanlandske kandidatar vil få tilbod om opplæring i norsk.

Om stipendiatstillinga

Samla stipendperiode er 4 år, der 25 % av tida er pliktarbeid, knytt til forskning, undervisning og formidling. Om du tidlegare har vore tilsett i rekrutteringsstilling, kan det bli gjort frådrag i tilsetjingsperioden.

Om forskarutdanninga

Som stipendiat skal du delta i eit godkjent utdanningsprogram for ein ph.d.- grad innanfor ei tidsramme på 3 år. Endeleg plan for gjennomføringa av forskarutdanninga skal vere godkjent av fakultetet innan tre månader etter at du har teke til i stillinga. Det er ein føresetnad at du fyller krava for opptak til ph.d.- studiet ved Universitetet i Bergen.

Vi kan tilby

- eit profesjonelt, utfordrande og internasjonalt arbeidsmiljø
- velutrusta, moderne laboratorier
- medlemskap i eit godt finansierte og tverrfagleg prosjekt
- løn etter lønnssteg 50 (kode 1017) ved tilsetjing. Vidare opprykk skjer etter tenesteansiennitet i stillinga.
- medlemskap i Statens pensjonskasse
- stilling i ei inkluderande arbeidslivsverksemd (IA-verksemd)
- gode velferdsordningar

Søknaden skal innehalde

- eit søknadsbrev. Ei kort utgreiing om søkjaren sin motivasjon for å søkje stillinga (maksimalt 1 side).
- namn og kontaktopplysningar til to referansar. Ein av desse må vere hovudrettleiaren frå masteroppgåva eller tilsvarande oppgåve.
- relevante attestar
- karakterutskriftar og vitnemål for bachelor- og mastergrad, alternativt ei stadfesting av at mastergradsoppgåva er levert
- liste over vitenskaplege arbeid (publikasjonsliste). Maksimalt tre publikasjonar der søkjaren er (med)forfattar.
- CV

Søknad og vedlegg med attesterte omsetjingar til engelsk eller eit skandinavisk språk må lastas opp i Jobbnorge.

Søknadsfrist: 10. oktober 2015

Generell informasjon

Fleire detaljar er tilgjengeleg på <http://folk.uib.no/nkjhn/FreePositions.html>. Utfyllande opplysningar om stillinga kan ein få ved å vende seg til: Professor Hans-René Bjørsvik, telefonnummer 55583452 / E-mail: Hans.Bjorsvik@kj.uib.no

Den statlege arbeidsstyrken skal i størst mogleg grad spegle mangfaldet i befolkninga. Det er difor eit personalpolitisk mål å få ei balansert alders- og kjønssamansetning og rekruttere personar med innvandrarbakgrunn. Personar med innvandrarbakgrunn og nedsett funksjonsevne blir oppmoda om å søkje stillinga.

Universitetet i Bergen nyttar meirinnsyn ved tilsetjing i vitskaplege stillingar.

Opplysningar om søkjaren kan bli gjort offentlege sjølv om søkjaren har oppmoda om ikkje å bli ført på søkjarlista. Dersom oppmodinga ikkje blir teke til følgje, skal søkjaren varslast om dette.

Den som blir tilsett må rette seg etter dei retningslinjene som til ei kvar tid gjeld for stillinga.

Tilleggsinformasjon

Arbeidssted: